

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE BERGEN HF

STAD: Finstuen, Bikuben konferansesenter
MØTETIDSPUNKT: 31. oktober 2018, kl. 09.00 – 13.00 og 15.00-16.00 (lukka del)
Styreseminar for styremedlemer kl. 16.00-17.00

Styremøtet var ope for publikum og presse fram til styresak 110/18
Styresak 111/18 og 112/18 vart behandla i lukka møte, jf. helseføretakslova § 26
a, 2. ledd. nr. 1 og 4.

DELTAKARAR FRÅ STYRET

| | |
|------------------------|------------------|
| Svein Gjedrem | Leiar |
| Signy Midtbø Riisnes | Nestleiar |
| Per Karlsen | Styremedlem |
| Rolf Martin Tande | Styremedlem |
| Karen Anne Stordalen | Styremedlem |
| Irene Hopsdal | Styremedlem |
| Anne-Margrete Bollmann | Styremedlem |
| Bjørn Østbø | Styremedlem |
| Linda Karin Gangstøe | Vara styremedlem |
| Marianne Sæhle | Vara styremedlem |

FORFALL

| | |
|-----------------|-------------|
| Arvid Langeland | Styremedlem |
| Geir Arne Sunde | Styremedlem |
| Mona Hellenes | Styremedlem |

DELTAKARAR FRÅ BRUKARUTVALET

| | |
|-------------------------|-------------------------|
| Inge Aareskjold Fiskvik | Leiar brukarutvalet |
| Hjørdis Dahle | Nestleiar brukarutvalet |

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

| | |
|------------------|------------------------------|
| Eivind Hansen | Administrerande direktør |
| Clara Gjesdal | Viseadministrerande direktør |
| Lasse Hatletvedt | Referent |

SAKLISTE

UNDERLAG

| | |
|---|---------|
| Sak 100/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden | Vedlagt |
| Sak 101/18 A Godkjenning av protokoll | Vedlagt |
| Sak 102/18 O Administrerende direktør si orientering | Vedlagt |
| Sak 103/18 O Rapport frå verksemda | Vedlagt |
| Sak 104/18 O Budsjett 2019- statsbudsjett | Vedlagt |
| Sak 105/18 A Høyringsfråsegn Regional utviklingsplan og operasjonisering Helse 2035 | Vedlagt |
| Sak 106/18 O Overordna risikostyring rapport 2. tertial | Vedlagt |
| Sak 107/18 O Miljøstyringssystemet i føretaket | Vedlagt |
| Sak 108/18 A Igangsetjing av konseptutgreiing nye Nordås | Vedlagt |
| Sak 109/18 A Innkjøpsavtale til bygningsmessige innvendige arbeid på BUS 2 | Vedlagt |
| Sak 110/18 O Eventuelt Skriv og meldingar | Vedlagt |
| - Årshjul for styret i Helse Bergen 2018 | |
| - Referat frå brukarutvalet 27.08.2018 | |
| - Protokoll frå føretaksmøtet i Helse Bergen 3.10.2018 med tilleggsdokument til styringsdokumentet 2018 | |
| Lukka møte | |
| Sak 111/18 A Lønsregulering for administrerende direktør | Vedlagt |
| Sak 112/18 A Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerende direktør 2018 | Vedlagt |
| Styret sitt kvarter | |

Sak 100/18 A Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden blei godkjende.

Sak 101/18 A Godkjenning av protokoll

Vedtak [samrøystes]

Protokoll frå styremøte 27. september 2018 blei godkjend.

Sak 102/18 O Administrerande direktør (AD) si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Ingen kommentarar.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og styremaktkrav

Ingen kommentarar.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Ingen kommentarar.

4. Saker til oppfølging etter styremøtet

Ingen kommentarar.

5. Mediesaker

Ingen kommentarar.

6. Orientering om sak på Barne- og ungdomsklinikken

Ingen kommentarar.

7. Orientering om sak i Akuttmottaket

Styret ønskjer å bli orientert om utviklinga i saka og om dei tiltaka som blir implementerte.

8. Streik ved pasienthotellet

Det er viktig at det i kommunikasjonen frå sjukehuset blir lagt vekt på kor viktig det er for dei aktuelle pasientane å kunne nytte pasienthotellet.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tek meldingane til orientering.

Sak 103/18 O Rapport frå verksemda

Oppsummering

Etter nokre månader med positivt aktivitetsavvik målt i tal DRG-poeng, hadde føretaket eit negativt aktivitetsavvik i september. September månad hadde ein vyrkedag mindre i år enn i fjor. Sett i lys av det har vi likevel auka talet på drg-poeng per virkedag i september i år.

Ventetidene for barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) har hatt ei positiv utvikling sidan førre månad, og innfrir no regionalt krav til ventetid på lik linje med tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Dei andre sektorane innfrir ikkje krava til ventetid. For å betre vente-tidene framover, blir det i november starta opp eit prosjekt (Optimal timetildeling) knytt til å betre timetildelinga i klinikkane. Utviklinga frå august når det gjeld del fristbrot, er positiv, sjølv om talet på fristbrot framleis er for høg.

Når det gjeld nasjonale kvalitetsindikatorar gjer føretaket det relativt godt samanlikna med andre sjukehus. For pakkeforløpa for kreft har vi framleis same tendensen med høg grad av inkludering, men litt lågare grad av gjennomføring innan normert tid. Det gjeld særleg for dei pasientane som skal til operasjon, men føretaket brukar også lengre tid på å kome til utgreiing og strålebehandling. Det ser også ut til at føretaket godt på veg innfrir kravet om at relativ vekst innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling skal auke meir enn for somatisk sektor – målt i aktivitet og ventetid.

Rekneskapen for september viser eit positivt resultat på kr 0,5 mill., kr 8,6 mill. lågare enn budsjettert. Hittil i år viser rekneskapen et negativt resultatavvik kr 38,9 mill. Det er risiko for å ikkje oppnå budsjettert aktivitet sidan det er planlagt høg aktivitet i haustmånadane. Føretaket har også hatt kostnader knytt til omstillingar som er vanskeleg å kompensere for. Prognose for året blir derfor sett til kr 90 mill. i positivt resultat, dvs. kr 20 mill. i negativt budsjettavvik.

Kommentarar i møtet

Styret merkar seg at det er trekk ved utviklinga som syner at det er eit aukande spenn mellom ressursar og oppgåver. Målkonfliktane kjem tydelegare fram no enn tidlegare. Det ser ut til å vere ein del forskjell mellom ulike einingar. Det er til dømes dei same klinikkane/avdelingane som går igjen med høgt belegg i rapporten. Spørsmål er då om ressursar og kapasitet er rett fordelte. Noko av forklaringa kan og liggje i ulik styring og oppfølging i dei einskilde klinikkane/avdelingane.

Styret forventar at utfordringane med korridorpatientar blir følgde opp og at det blir sett i verk naudsynte tiltak.

Det er gledeleg med gode resultat for kvalitetsindikatorar innan psykiatri. Det er og mykje positivt å sjå når det gjeld indikatorane som gjeld pakkeforløp for kreft, men det er utfordrande med dei pakkeforløpa der sjukehuset ikkje når målsetjinga. Det blei kommentert at føretaket ikkje kjem godt ut på ein del pakkeforløp for kreft som særleg råkar kvinner. Styret ønskjer å bli jamleg orientert om utviklinga som gjeldkvalitetsindikatorane og kva tiltak som blir sette i verk for å forbetre desse.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tek saka til orientering.

Sak 104/18 O Budsjett 2019 – statsbudsjett

Oppsummering

Regjeringa la 08.10.2018 fram framlegg til Statsbudsjett for 2019. Dette gir viktige premiss for rammene for Helse Bergen det komande året.

Ifylgje pressemeldingane om forslag til statsbudsjett legg regjeringa opp til ein realauke i løyvinga til spesialisthelsetenesta i 2019. Etter nærare gjennomlesing av budsjettframlegget er det administrasjonen si vurdering at budsjettet ligg i underkant av

dei føresetnadane ein har lagt til grunn i budsjettarbeidet i sjukehuset så langt. I 2019 blir økonomien strammare enn i 2018.

Kommentarar i møtet

Resultatkravet for 2019 er no på 160 millionar kronar. Ei eventuell endring av resultatkravet må vere forankra i styret i endeleg handsaming av budsjett i neste styremøte. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å vurdere resultatkravet og kome tilbake med framlegg til endeleg budsjett i desember. Resultatkravet må sjåast i samanheng med drifts- og investeringsbudsjett og dei samla økonomiske rammene.

Representantane for dei tilsette kommenterte at prosessane ute i avdelingane har vore mykje betre i år enn i fjor. Dei framheva samstundes at det er høgt arbeidspress mange stader på sjukehuset.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen HF tek sak om budsjett 2019 og Statsbudsjett 2019 til orientering. Administrerande direktør får fullmakt til å gå i dialog med Helse Vest om ei eventuell justering av resultatkravet. Endeleg resultatkrav vert fastsett av styret.

Sak 105/18 A Høyringsfråsegn regional utviklingsplan og operasjonisering Helse 2035

Oppsummering

Saka gjeld to forhold:

1. Høyrings svar til Regional Utviklingsplan. Høyringsfrist er 15. november 2018.
2. Tilbakemelding til Helse Vest om fordeling av ansvar for tiltaka i Helse2035/Regional utviklingsplan.

1. Foreløpige innspel frå Helse Bergen HF til Regional utviklingsplan for Helse Vest RHF

Helse Bergen HF vil halde høyringsmøte om Regional utviklingsplan der vi inviterer nivå 2-leiarane, brukarutvalet, føretakstillitsvalde og vernetenesta mfl. På grunn av tidsfristen for høyringa må vi be om styret sine innspel til denne planen før vi har hatt høyringsmøte.

Den regionale utviklingsplanen er sett saman av hovudelementa i Helse2035 (strategien), dei lokale føretaka sine utviklingsplanar og utkastet til Regional teknologiplan.

2. Innspel til Helse Vest om fordeling av eigarskap for tiltaka i Helse2035 Regional utviklingsplan.

I direktørmøtet i helseregion vest 1. oktober 2018 blei det vedlagde dokumentet, Helse2035 – tiltaksplan og eigarskap, lagt fram.

Dokumentet blei sendt ut til alle føretaka 8. oktober 2018. Helse Vest RHF har bede om at kvar verksemd spelar inn synspunkt på kva tiltak ein kan ta ansvar for.

Fordelinga har så mykje å seia strategisk at administrasjonen ønskjer styret sine innspel til saka.

Kommentarar i møtet

På eit overordna nivå er dei fleste nasjonale funksjonane lagde til Oslo Universitetssjukehus. Nokre nasjonale funksjonar er og lagde til Haukeland Universitetssjukehus og andre regionssjukehus. Det er viktig for regionen og føretaket at ein ikkje deler opp regionssjukehusfunksjonen når ein skal fordele oppgåver i Helse Vest. Helse Vest må som andre regionar ha ein spiss som er komplett med dei spesialiserte kompetansemiljøa som kan handtere både akutte og elektive oppgåver. Det er grunn til uro for utviklinga når det gjeld fordeling av oppgåver i regionen, til dømes innanfor eit særskilt viktig område som beredskap.

I fordelinga av oppgåver mellom dei ulike sjukehusa må ein søkje etter stordriftsfordelar, og det gjer det naudsynt å spisse tilbodet på nokre område. Samstundes må ein unngå ein konkurranse om oppgåver mellom dei ulike føretaka, det må vere mogleg å finne ein balanse.

I den regionale utviklingsplanen må dei ulike føretaka vere beskrivne på ein objektiv og meir standardisert måte slik at det er mogleg å forstå roller og funksjonsfordeling. Styret kjenner seg ikkje igjen i omtala av Helse Bergen; den viktige rolla som regionssjukehus kjem ikkje godt nok fram i planen. Ein kan og vere endå tydelegare når det gjeld oppgåvedeling mellom sjukehusa og sjukhus i team.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Bergen HF føreset at administrasjonen i Helse Bergen HF følgjer opp styret sine innspel til Regional utviklingsplan i høyringssvaret til Helse Vest RHF.

2. Styret i Helse Bergen HF støttar administrasjonen sitt forslag til tilbakemelding til Helse Vest RHF om fordeling av ansvar for tiltaka i Regional utviklingsplan, jf. dokumentet Helse2035 - tiltaksplan og eigarskap.

Sak 106/18 O Overordna risikostyring rapport 2. tertial

Oppsummering

Styret i Helse Vest vedtok i styresak 14. desember 2017 fire felles styringsmål med delmål for risikostyring i Helse Vest for 2018 (styresak Helse Vest 125/17 og styresak Helse Bergen 09/18). 1. tertialrapport blei lagd fram for styret i mai 2018 (sak 60/18).

Dei fire felles styringsmåla gjeld pasienttryggleik, HMS-arbeid, reduksjon i ventetider og høgare vekst i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn i somatikk («den gylne regel»).

Kommentarar i møtet

Styret meiner det er gjort framsteg i måten sak om overordna risikostyring blir lagt fram på.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen tek 2. tertialrapport risikovurdering av utvalde styringsmål 2018 til orientering.

Sak 107/18 A Miljøstyringssystemet i føretaket

Oppsummering

Sjukehuset har gjennomført fleire gode miljøtiltak og har implementert miljøstyringssystemet. I 2018 er Haukeland Universitetssjukehus vorte sertifisert etter den reviderte miljøstandarden ISO 14001:2015. Den reviderte standarden krev betre integrering av ytre miljø i kjerneverksemda og legg vekt på systematisk kvalitetsarbeid som del av mogleg miljøforbetring.

Det betyr at vi må sjå *forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helsetenesta, internkontrollforskrifta og miljøstandarden* i samanheng. Det blir arbeidd med å integrere dei ulike fagområda, for eksempel med gjennomgang ved leiinga, internrevisjonar og *ForBedringsundersøkelsen*.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek saka til orientering og bed administrasjonen sikre vidare forbetring av miljøprestasjonane i sjukehuset.

Sak 108/18 A Igangsetjing av konseptutgreiing nye Nordås

Oppsummering

Utbygging av Rehabiliteringsklinikken på Nordås har stått på planen i Helse Bergen i fleire år.

Før dette arbeidet kunne kome i gang var det viktig å få avklart pasientgrunlaget på Nordås. Rapporten frå dette arbeidet blei behandla av føretaksleiinga den 9. oktober 2018.

Rapporten legg viktige premiss for den utviklinga føretaket ser for seg på Nordås. Utgangspunktet for rapporten er regjeringa opptrappingsplanen til regjeringa for habilitering og rehabilitering. Det vert lagt til grunn at stadig meir av rehabiliteringa og habiliteringa vil gå føre seg i kommunane og at tilbodet i spesialhelsetenesta vil bli endå meir spissa. I omfang vil ikkje tilbodet på Nordås auke vesentleg, men tilbodet vil endre seg.

Når tilbodet endrar seg, betyr dette behov for endringar både når det gjeld kompetanse og infrastruktur. Parallelt med arbeidet med konseptutgreiinga vil det bli sett i gang eit eige arbeid for å beskrive behov for kompetanseutvikling.

I utviklingsplanen for Helse Bergen (vedteken av styret i Helse Bergen september 2018) blir følgjande tiltak beskrive: «Utarbeide konseptrapport som viser på kva måte ein kan organisere tilbodet og leggje areala betre til rette for rehabiliteringsverksemda på Nordås».

I denne saka bed administrasjonen om godkjenning til å gå i gang med konseptutgreiinga av utvikling av infrastrukturen på Nordås.

Kommentarar i møtet

Ein må i det vidare arbeidet leggje til rette for god involvering frå dei aktuelle pasientgruppene.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen vedtek å setja i gang konseptutgreiing for nye Nordås. Det må i det vidare arbeidet vere god involvering av brukarane.

Sak 109/18 A Innkjøpsavtale til bygningsmessige innvendige arbeid på BUS 2

Oppsummering

Styret i Helse Bergen godkjente i sak 46/18 A eit fullmaktsregime i utbyggingssaker. Dei nye retningslinjene set krav til styrebehandling for kontraktar av ein viss storleik, før kontrakt vert signert.

Barne- og ungdomssjukehuset har vore inne i realiseringsfasen i lengre tid, og fleire av entreprisane er ferdigforhandla. Entreprisen som me viser til i denne saka (Entreprisen K202, bygningsarbeid innvendig) er den første kontrakten som går over terskelverdien på 300 mill. sidan dei nye rutinane vart vedtekne.

Samla sett er dei kontraktane som no er underteikna innanfor avsett budsjett. Pr. oktober 2018 er i underkant av 70 prosent av entreprisane målt i kroneverdi kontrahert.

Dei første tilboda på entreprisen K202 var vesentleg høgare enn avsett budsjett. Prosjektleiinga gjekk i forhandling med dei aktuelle aktørane med sikte på å redusere kostnadene. Resultatet av denne prosessen var at endeleg pristilbod vart redusert med om lag 50 mill. kroner. K202 er den første entreprisen som overstig budsjettet.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Bergen godkjenner at det vert inngått kontrakt knytt til bygningsmessige innvendige arbeid på Barne- og ungdomssjukehuset trinn 2 i tråd med saksframlegget.

Sak 110/18 O Eventuelt

Ingen saker under eventuelt.

Dato: 19. desember 2018

| | |
|----------------------------------|------------|
| Svein Gjedrem | Styreleiar |
| Signy Midtbø Riisnes | Nestleiar |
| Per Karlsen | Medlem |
| Bjørn Østbø | Medlem |
| Rolf Martin Tande | Medlem |
| Sett: Mona Haugland Hellesnes | Medlem |
| Anne-Margrete Bollmann | Medlem |
| Sett: Arvid Langeland | Medlem |
| Karen-Anne Stordalen | Medlem |
| Irene Hopsdal | Medlem |
| Sett: Geir Arne Sunde | Medlem |
| Linda Karin Gangstøe | Varamedlem |
| Marianne Sæhle | Varamedlem |